
Saknr: 2020/35830-2
Saksbehandlar Berit Roksvåg
Dato: 18.02.2020

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Rutinar og prosedyre for oppfølging av opplæringslova kap 9A

Prosedyre i Vestland fylkeskommune for oppfølging av opplæringslova kap. 9a tek utgangspunkt i gjeldande lovverk om elevane sitt psykososiale miljø.

Opplæringslova kapittel 9 A har som mål å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen har ei tydeleg aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta inneber at skulen skal følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak. Denne plikta ligg hos alle som arbeider i skulen.

Prosedyren er delt opp i to kapittel. Eitt som omhandlar førebygging og eitt som omhandlar dei fem delpliktene og aktivitetsplikta. Alle som arbeider i skulen må kjenne innhaldet i prosedyren, og alle må kjenne sitt ansvar i skulemiljøarbeidet.

Prosedyren er vedlagt.

Vedlegg

- 1 Prosedyre for oppfølging av opplæringslova kapittel 9
A